



Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Aleheim	N-101	19/730

Saksnr	Utval	Type	Dato
021/20	Hovudutval helse/omsorg	PS	11.05.2020
026/20	Hovudutval oppvekst/kultur	PS	11.05.2020
028/20	Hovudutval teknisk/næring	PS	11.05.2020
090/20	Formannskapet	PS	02.06.2020
067/20	Kommunestyret	PS	15.06.2020
021/20	Eldrerådet	PS	12.05.2020

KOMMUNAL PLANSTRATEGI FOR SVEIO 2020-2023

Prenta vedlegg:

Planstrategi for Sveio kommune 2020-2023_endeleg versjon
FHI Folkehelseprofil for Sveio kommune 2020
Folkehelseoversikt for Sveio 2019

Saksopplysningar:

Rådmannen, 20.04.2020

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

- Plan- og bygningslova, særskilt kap. 10

Saksorientering:

Etter at ny plan- og bygningslov trådte i kraft i 2009 er det krav til alle kommunane i Noreg om å utarbeida kommunale planstrategiar innan eitt år etter konstituering av nytt kommunestyre. Føremålet med planstrategien er at kommunen skal ha eit verktøy for å vurdere utviklingstrekk i kommunen, og sjå på plansystemet, tilgjengelege planressursar og det samla planbehovet. Planstrategien skal leggja grunnen for vidare lokal samfunnsutvikling, og styrka kommunen i den strategiske planlegginga, sett i lys av utfordringane kommunane har og i lys av dei nasjonale og regionale føringane. Utgangspunktet for kravet om planstrategi er å oppnå betre samhandling mellom plannivåa, som i sin tur gjev betre relevans, måloppnåing og samordning i planlegginga.



Kommunal planstrategi er omtala slik i plan- og bygningslova [§ 10-1](#), første ledd:

Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatta en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunen planbehov i valgperioden.

Lovkommentaren til Plan- og bygningslova utdjuar kva ein planstrategi bør innehalda:

- skildring av utviklingstrekk og utfordringar knyt til samfunnsutvikling og miljø
- drøfting av hovudtrekka i ein langsiktig arealstrategi (prinsipp om romsleg utvikling, både for å sikra samordning, utbygging og vern av område
- vurdering av planbehovet for dei ulike sektorane
- vurdering av prioriterte planoppgåver og behovet for revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel

Planstrategien er ikkje ein plan i seg sjølv og er såleis ikkje eit juridisk bindande dokument slik kommuneplanen sin arealdel er. Den er heller ikkje ein arena for å vedta mål og strategiar i kommunen (slikt skal avklarast i samfunnsdelen til kommuneplanen).

Hensikta med planstrategien er å drøfta utviklingstrekk i kommunen, så vel som samfunn og som organisasjon. Planstrategien skal såleis vera eit hjelpemiddel eller eit verktøy for kommunen til å leggja grunnen for vidare lokal samfunnsutvikling. Eit viktig siktemål i den samanhengen er å styrka den politiske styringa av kva planoppgåver som skal prioriterast.

Planstrategien er retningsgjevande for kommunane si planlegging og har ingen direkte rettsverknad for kommunen sine innbyggjarar. Det kan mellom anna ikkje fremjast motsegn til den.

Planstrategien kan i tillegg til å utgjera grunnlaget for kommuneplanen, sei noko om kva andre planar det er behov for og bidra til å skapa ein føreseieleg planlegging av ressursbruken i kommunen. Gjennom å gjera prioriteringar mellom dei ulike planoppgåvene vil kommunen ha god oversikt over kva ressursar som er naudsynte for å starta opp og utarbeida planane ein ønskjer. Her er det viktig å vurdere planoppgåvene opp mot dei økonomiske føresetnader kommunen har.



Sjølv om kravet om planstrategi er heimla i plan- og bygningslova så er det ikkje berre dei lovpålagte planoppgåvene som bør vurderast. Gjennom å sjå på, og vurdere utviklingsbehovet generelt i kommunen kan ein samtidig vurdere andre planoppgåver og utgreiingsbehov. Å sjå alt i ein samanheng vil skapa ein føreseieleg planlegging av den samla ressursbruken for planarbeid i kommunen, lovpålagde eller ikkje. Vedtak av planstrategien vil såleis forplikta både den administrative leiinga i kommunen og politikarane i kommunestyret i å sikra at planane blir gjennomførte gjennom at det blir sett av tilstrekkelege ressursar til arbeidet.

Økonomiske konsekvensar:

Planane som er omtala i planstrategien er kommunale planar, eller planprosessar som kommunen deltek i. Det inneber at det vil vera økonomiske konsekvensar for gjennomføring av desse. Enkelte planoppgåver treng konsulentbistand, noko som inneber at det ikkje er tilstrekkeleg med eigen arbeidsinnsats for gjennomføring av planar. Difor er det viktig å sikra at det blir sett av tilstrekkeleg med ressursar til å gjennomføra dei prioriterte planoppgåvene.

ROS-analyse:

Ikkje aktuelt

Uttale frå barnerepresentanten etter pbl.:

Kommentar frå barnerepresentanten:

Som barnerepresentant etter plan- og bygningslova vil eg gje uttrykk for at planstrategien er eit dokument som tek godt vare på omsynet til barn og unge sine oppvekstvilkår i kommunen. Det er særleg gledeleg at trafikktryggleik ved Vikse og Auklandshamn skule får brei omtale, og at betre høve til gåing og sykling er nemnt spesifikt i dokumentet. Dette er tema som både er viktige for folkehelsa generelt og for ungdom sin trivnad i kommunen.

Barnerepresentanten står framlegget til planstrategien for 2020-2023.

Vurdering – folkehelse:

Temaet levekår og folkehelse har fått stor merksemd i planstrategien og det er i dokumentet lagt vekt på Folkehelseinstituttet sin Folkehelseprofil frå 2020 og kommunen sin eigen Folkehelseoversikt frå 2019. Fokuset er at det skal vera godt å bu og vera i kommunen.



Vurdering – miljø:

Planstrategien legg opp til at kommunen gjennom ein medviten miljøpolitikk skal oppnå berekraftig samfunnsplanlegging. Særskilt fokus skal leggjast på klimaendringane og klimatilpassing.

SAKSHANDSAMING

Kommunestyret fatta vedtak 17.02.2020, sak KOM 013/20, om å starta opp arbeidet med ny kommunal planstrategi for perioden 2020-2023.

I vedtaket står følgjande:

Sveio kommune startar arbeidet med ny planstrategi for perioden 2020-2023. Denne tar utgangspunkt i planstrategien for perioden 2016-2019.

I Sveio har me eit ønske om vekst i heile kommunen. Det er derfor viktig at planstrategien ikkje legg for detaljerte og strenge disponeringar som resulterer i unødvendige hinder for utvikling. Prioritering av planar i perioden vil bli oppdatert.

~ ~ ~

Det er ikkje gjennom planstrategien disponeringar av areal og ressursar blir fastsett. Det må skje gjennom kommuneplanarbeidet og budsjettvurderingar. Likevel sei vedtaket noko om kva utvikling politikarane ønskjer for kommunen.

Det er eit krav om at kommunen skal innhenta synspunkt frå statlege og regionale organ, og frå nabokommunar i samband med planstrategiarbeidet. Det er gjort gjennom å senda invitasjon til relevante partar til å koma med innspel til arbeidet. Samrådsplikta skal mellom anna sikra samarbeid med nabokommunar som er viktig for å bidra til å identifisera og avklara interkommunale planoppgåver i planperioden. I samband med utsending av saka har det kome nokre merknader frå overordna styresmakter, men det har ikkje kome synspunkt frå nabokommunane. Sjølv om det ikkje har kome merknader frå nabokommunane som signaliserer ønskje om samarbeid med planprosessar er det likevel i Sunnhordland og på Haugalandet i stor grad allereie etablert mange gode arenaer for samarbeid utan felles interkommunale plansamarbeid.

Det er opp til kommunen å velja i kor stor grad ein ønskjer medverknad frå publikum ved



utarbeidinga av ein planstrategi. Det kan ikkje fremjast motsegn til dokumentet, og det kan ikkje klagast på vedtaket. I denne planstrategiperioden har kommunestyret vedteke at ny planstrategi skal ta utgangspunkt i førre periode sin planstrategi, noko som bidreg til å skapa kontinuitet og føreseieleg utvikling sett i samanheng med pågåande kommuneplanarbeid. Med det som bakgrunn er det lite å henta på dette tidspunktet å be om nye innspel og allmenn debatt. Innbyggjarane og publikum elles har hatt gode moglegheiter til å koma med innspel til det strategiske arbeidet gjennom kommuneplanprosessen og dei innspelsrundar og folkemøte som har vore halde i den samanheng.

Innkomne generelle merknader før oppstart av arbeidet med planstrategien:

Vestland fylkeskommune. 02.03.2020

Vestland fylkeskommune kom tidleg med generelle synspunkt om arbeidet med kommunal planstrategi til kommunane. Der viser dei mellom anna til føremålet med planstrategien og at det er krav om at kommunal folkehelseoversikt skal inngå som grunnlag for arbeidet. Vidare viser dei til at klima og miljø må vera premiss i all samfunnsutvikling og at dei nasjonale forventingane skal leggjast til grunn for arbeida med planstrategiar og planar.

Norsk Friluftsliv, 04.03.2020

Norsk Friluftsliv har i samband med at kommunane skal utarbeida planstrategiar sendt ut link til rettleiar med konkrete råd for korleis kommunane kan lukkast med å verna om naturgrunnet, sikra innbyggjarane attraktive friluftsanser for rekreasjon og gode oppvekstvilkår for komande generasjonar i tråd med FN sine berekraftsmål.

I rettleiaren blir mange tema som er særskilte relevante for kommuneplanarbeidet og omsynet til naturen omtala som mellom anna arealrekneskap/naturrekneskap, kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde, turruteplan, nærnatur og nærtur, nedbygging av strandsona, hytteutbygging, inkludering, frivilligheit, skule og barnehage, aktivitetsråd og medverknad. (jf. <https://issuu.com/studioelvebredden/docs/norsk-friluftsliv-planstrategi-fn>)

Innkomne merknader/kommentarar til oppstart av arbeidet med planstrategien:



Fiskeridirektoratet, 19.03.2020

Det blir i merknaden vist til at når det gjeld akvakultur skjer det ei stadig endring og utvikling av anleggstypar og areala desse treng. Det er viktig at det blir sett av nok areal slik at næringa kan få rom.

Dersom kommunen legg opp til å sikra tilstrekkeleg areal til fiskeri- og havbruksnæringa og avvega dette mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresse, at areal til akvakultur, trålfelt og prioriterte kaste- og låssettingsplassar blir sikra, og at det skal takast omsyn til kartlagde gyte- og oppvekstområde for villfisk i kommuneplanen, vil næringa bli godt ivareteke. Fiskeridirektoratet viser òg til at det er viktig at det ikkje kjem faste installasjonar som kan hindra fiske i slike område, og at døme på slike installasjonar er flytebryggje, småbåthamnar og røyrleidningar. Det er òg viktig å ha fokus på marint biologisk mangfald utover gytefelt og oppvekstområde for fisk, som mellom anna område der det er registrert korallrev og ålegrasengar.

Kommentar frå kommunen:

Innspela frå Fiskeridirektoratet blir teke med vidare og vurderte i samband med utforming av arealdelen til kommuneplanen.

NVE, Noregs vassdrags- og energidirektorat, 23.03.2020

NVE oppmodar kommunen til å ta omsyn til klimaendringar i samfunns- og arealplanlegginga. Det blir i merknaden vist til at det er utarbeida klimaprofil for Hordaland, som gjev eit kortfatta samandrag av klimaet, venta klimaendringar og klimautfordringar i regionen. Dei syner òg til Rundskriv H-5/18 om Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling der kap. 2.6 gjev rettleiing om korleis omsynet til samfunnstryggleik kan innarbeidast i den kommunale planstrategien.

Dei viser vidare til at omsyn til flaum må sjåast i samanheng med lokal overvasshandsaming og at auka grad av utbygging i nedbørsfelt gjev større areal med tette flater. Det må difor tidleg i planprosessane planleggjast med tilstrekkelege drygningstiltak som kompenserer for den raskare avrenninga og dei krappare flaumtoppane nedstraums. Kommunen blir rådd til å vurdere behovet for utarbeida ein overordna temaplan for overvatn dersom dette ikkje allereie er gjort.



Kommentar frå kommunen:

Både planstrategien og samfunnsdelen til kommuneplanen legg stor vekt på klimaendringane og klimatilpassinga. Der blir mellom anna behovet for ny avlaupsplan og overvatnutfordringane omtala. Klimaendringane må inn som vurderingstema i all planlegging og utbygging. Det same gjeld for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap som òg er omtala særskilt i dei to dokumenta.

Fylkesmannen i Vestland, 01.04.2020

Tilbakemeldinga frå Fylkesmannen er generell og gjeld særskilte omsyn og råd til arbeidet med planstrategi og framtidig kommuneplan. Kommunen blir spesielt utfordra til å gå inn i rolla som samfunnsutviklar, som inneber at kommunen gjev ei tydeleg retning og samordnar verkemiddel og offentleg innsats for å løysa dei omfattande oppgåvene. Kommunen bør drøfta grunnleggjande og tunge trekk ved samfunnsutviklinga i kommunen og generelt i regionen.

Tema som blir omtala i merknaden er av generell karakter og viser til dei nasjonale forventingane, folkehelse, barn og unge, samfunnstryggleik og beredskap, landbruk, miljø, utviklingstrekk og bustadbehov.

Kommentar frå kommunen:

Innspelet frå Fylkesmannen kjem som generelle og altomfattande råd. Desse treng ikkje nærmare kommentarar. Dei tema som Fylkesmannen har omtala er i all hovudsak vurderte i planstrategien og i samfunnsdelen til kommuneplanen.

Fiskarlaget Vest, 03.04.2020

Fiskarlaget Vest presiserer kor viktig det er med langsiktig og heilskapleg forvaltning av sjøareala og at ein må unngå arealkonflikt i sjø og negativ verknad på det marine miljø. Dei rår til å vurdere kva sjøareala toler av mellom anna akvakultur og utslepp til sjø. Fiskerinæringa er avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø, og det er eit felles ansvar å sikra.

Kommentar frå kommunen:



Samfunnsdelen drøftar særleg tilrettelegging for akvakultur og ansvaret til berekraftig utvikling av næringa.

Statens vegvesen, 03.04.2020

Statens vegvesen uttalar seg som ansvarleg for arealbruk knytt til riksveg, føringar i Nasjonal transportplan, statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging og vegnormalane mv. Vegvesenet kjem med generelle krav til planarbeid og peikar særleg på;

- trafikktryggleik for ulike trafikantgrupper
- tilkomstløysingar
- forventta trafikkmengde og kapasitet på vegnettet
- trafikkmønster og reisemiddelfordeling
- parkeringsdekning og-behov
- framcomelegheit for ulike trafikantgrupper
- ivaretaking av ovannemnde omsyn i anleggsperioden

Vidare omtalar vegvesenet viktigheita av å avklara korleis kommunen vil leggja til rette for utbygging i høve til infrastruktur, som til dømes korleis ein skal plassera utbyggingsføremål slik at dei ligg nær viktige servicefunksjonar og for å sikra eit godt tilbod til mjuke trafikantar. Dei legg òg vekt på at kommunane bør avgrensa moglegheita for spreidd utbygging i LNF-område med omsyn til nasjonale føringar for å redusera transportbehov, tilrettelegging for gode kollektivløysingar, utfordringar knytt til kryss og avkøyrslar, effektive og tydelege gang- og sykkelvegsløysingar og trygge kryssingspunkt. Dei viser òg til at nye utbyggingsområde bør lokaliserast til eksisterande avkøyrslar for å halda talet på avkøyrslar frå hovudvegar så lågt som mogleg.

Kommentar frå kommunen:

Frå 01.01.2020 har ikkje Statens vegvesen lenger ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. Slik oppgåve er tilbakeført til fylkeskommunen som er eigar av areala. Uttalen er generell og meir retta direkte mot planarbeid. Merknadene vil vera naturlege å ta med vidare til utforminga av arealdelen til kommuneplanen.

Direktoratet for mineralforvaltning, 08.04.2020

(merknaden har kome inn etter at fristen for tilbakemelding hadde gått ut, 5. april, men blir likevel omtala her)



Direktoratet viser til at Sveio kommune har fleire registrerte førekomstar av pukkk og to førekomstar av grus i følgje NGU. Kommunen har òg mange førekomstar registrert i Malm-, Industrimineral- og Natursteindatabasen, kor førekomst i Valevåg har regional verdi. I tillegg har kommunen eitt registrert uttak av byggjeråstoff i drift.

Det blir vist til at Noreg har store mineralressursar som kan gje grunnlag for verdiskaping og arbeidsplassar. Regional og kommunal planlegging er eit viktig verktøy for å sikra at mineralførekomstar som kan vera aktuelle framtidige uttak er tilgjengelege, samtidig som ein tek miljø- og samfunnsomsyn.

Ei heilskapleg vurdering av massehandtering i plansamanheng kan vera eit nyttig verkemiddel for å sikra gjenvinning av mineralske massar av god kvalitet som byggjeråstoff. Dette gjeld mellom anna for uttak av pukkk, grus og sand til bygge- og anleggsføremål med korte transportavstandar og reduserte klimagassutslepp.

Forvaltning av mineralressursar omhandlar ikkje berre å avsetja nye område for råstoffutvinning, utan òg å sikra tilgjenge til gode mineralførekomstar for framtida. Difor forventar direktoratet at slike førekomstar med regional verdi blir tekne vare på i planarbeida. Kommunen bør kartleggja mineralressursane i kommunen og vurderer behov og marknad for desse ved revideringa av kommuneplanen.

Kommentar frå kommunen:

Samfunnsdelen til kommuneplanen omtalar prioritering og utnytting av naturressursar, og at desse skal sjåast mot andre viktige interesse. Det vil vera ei oppgåve i arbeidet med arealdelen å finna eigna plassar som bør setjast av til føremålet.

Kystverket, 15.04.2020

(merkningen har kome inn etter at fristen for tilbakemelding hadde gått ut, 5. april, men blir likevel omtala her)

Kystverket har ingen vidare merkninger til oppstartsmeldinga, anna enn å oppmoda kommunen om å revidera eksisterande arealplankart med tanke op å oppdatera kartinformasjon i høve til ny plan- og kartforskrift.



Kommentar frå kommunen:

Oppmodinga er notert.

Intern merknad til planstrategiarbeidet

Plan- og næringsavdelinga, 17.02.2020

Dei separate avlaupsanlegga og det kommunale avlaupsnettet har fått nye og utvida leidningar gjennom åra. Noverande hovudplan for avlaup er utdatert og før arbeidet med tiltaka i vassforvaltningsplanen kan starta bør det vera på plass ein plan for kva kommunen ønskjer å gjera med separate avlaupsanlegg og kven som skal kopla seg på dei kommunale leidningane. Det må òg utarbeidast lokal forskrift i samband med planen.

Kommentar frå kommunen:

Det er vist i planstrategien at det kommunale avlaupsnettet må vurderast utvida og at eksisterande anlegg må vedlikehaldast, samtidig som eldre pumpestasjonar må bytast ut. I planen er det lagt opp til at arbeidet med Hovudplan Avlaup skal starta opp i 2021.

Vurdering:

Ny planstrategi for perioden 2020-2023 tek utgangspunkt i den førre planstrategien, men med tilpassingar til nye nasjonale og regionale føringar. Dette har òg blitt vidareført til pågåande arbeid med kommuneplanen, slik at dei to dokumenta samsvarar. Det å vidareføra tidlegare føringar for den kommunale planlegginga vitnar om at kommunen har eit langsiktig tidsperspektiv for den ønskja kommunale utviklinga.

Som vedlegg til planstrategien ligg ei samla planoversyn for alle (overordna) planar i kommunen (unnateke beredskapsplanar og lokale planar på einingsnivå). Der blir det vist oversikt over dei planar som bør starta opp i inneverande kommunestyreperiode for å synleggjera det framtidige behovet for planressursar.

Framdriftsplan:

Forslag til kommunal planstrategi skal gjerast offentleg tilgjengeleg minst 30 dagar før kommunestyret sitt vedtak. Rådmannen sin tilråding er at dersom kommunestyret ønskjer å godkjenna dokumentet før sumaren (i dette møte) kan det fatta vedtak om godkjenning med oppsett verknad til etter at dokumentet har blitt gjort offentleg tilgjengeleg, det vil sei til 30 dagar etter offentleggjering. For at vedtaket skal vera gyldig må det ikkje ha kome inn



vesentlege merknader som gjer at dokumentet må endrast.

(Eit alternativ til å vedta planstrategien er at kommunestyret no gjev sin aksept til innhaldet, slik at arbeidet med kommuneplanen kan halda fram, men fattar endeleg vedtak om dokumentet i første møteserie etter sumarferien. Då vil det vera tid til å gjera dokumentet offentleg tilgjengeleg i 30 dagar før det blir lagt fram for endeleg godkjenning.)

Rådmannen sitt forslag til vedtak:

1. Sveio kommunestyre godkjenner kommunal planstrategi for perioden 2020-2023.
2. Vedtaket trer i kraft først etter at planstrategien er gjort offentleg tilgjengeleg i 30 dagar. Vedtaket føresett at det ikkje har kome inn vesentlege merknader som gjer at dokumentet må endrast.

Hovudutval helse/omsorg - 021/20

HHO - behandling:

Ingen tok ordet i saka.

Røysting: Samrøystes som tilrådd av rådmannen.

HHO - vedtak:

Hovudutval helse/omsorg si tilråding til formannskapet:

1. Sveio kommunestyre godkjenner kommunal planstrategi for perioden 2020-2023.
2. Vedtaket trer i kraft først etter at planstrategien er gjort offentleg tilgjengeleg i 30 dagar. Vedtaket føresett at det ikkje har kome inn vesentlege merknader som gjer at dokumentet må endrast.

Hovudutval oppvekst/kultur - 026/20

HOK - behandling:

Fleire tok ordet i saka.

John Kristian Økland (H) la fram forslag til følgjande presiseringar:

3. Nytt kulepunkt nr 4 under strategiske val s. 45: Det er ønskeleg med vekst i heile



kommunen.

4. Reguleringsplan for gang- og sykkelveg Auklandsham skule-Øklandsnes fremskyndes fra 2023 til 2020.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak punkt 1 og 2 vart einstemmig vedteke.

Framlegg frå John Kristian Økland (H) til nytt punkt 3 vart vedteke med fire stemmer. Mindretalet: Asle G. Halleraker (Ap), Ingrid Pedersen Furdal (Ap) og Stsina Nygård (Uavhengig).

Framlegg frå John Kristian Økland (H) til nytt punkt 4 fekk 2 stemmer. Mindretalet: Beathe Susanne Haugland (Sp) og John Kristian Økland (H).

HOK - vedtak:

Hovudutval oppvekst og kultur si tilråding til formannskapet:

1. Sveio kommunestyre godkjenner kommunal planstrategi for perioden 2020-2023.
2. Vedtaket trer i kraft først etter at planstrategien er gjort offentleg tilgjengeleg i 30 dagar. Vedtaket føresett at det ikkje har kome inn vesentlege merknader som gjer at dokumentet må endrast
3. Nytt kulepunkt nr 4 under strategiske val s. 45: Det er ønskeleg med vekst i heile kommunen.

Hovudutval teknisk/næring - 028/20

HTN - behandling:

Framlegg frå Mikal Møller Hovda om tillegg til pkt. nr 1) i rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"...med følgjande tillegg:

I KOM-sak 013/20 gjorde kommunestyret 17. febr. d.å. følgjande vedtak:

I Sveio har me eit ønskje om vekst i heile kommunen. Det er difor viktig at planstrategien ikkje legg for detaljerte og strenge disponeringar som resulterer i unødvendige hinder for utvikling. Prioritering av planar i perioden vil bli oppdartert.

Sidan det er ønskje om vekst i heile kommunen, bør dette koma fram i dei strategiske vala



for 2020 – 2023.

Forslag til nytt kulepunkt nr. 4 under strategiske val s 45:

- Det er ønskeleg om vekst i heile kommunen.

Forslag til endring på kulepunkt nr 10 under strategiske val s 45:

- ~~på ein god måte utnytte~~ **Aktivt utvikle** potensialet det er å vera ein **kystkommune**.

Under punkt miljø, klima og energi s. 29 foreslås endring:

Kommunen sine oppgåver:

Betre kollektivtilbod er viktig både av klimaomsyn, men òg for å betra mobiliteten for grupper som ikkje disponerer bil, eller som eit alternativ for dei som ikkje vil bruka bilen. Kommunen drifrar ikkje bussane sjølv og kan difor ikkje påverka kollektivfrekvensen. Kommunen kan likevel påverka indirekte ved ein arealpolitikk som **mogleggjer** ~~konsentrerer framtidig~~ busetnad langs hovudvegane og gjennom å utøva politisk press mot sentrale avgjerdstakarar. Kommunen kan i tillegg vera med å påverka andre aktørar, som hushald, næringsliv og industri til å finna løysingar som fremjar kollektivsatsinga.

Under punkt Busetnad og utbygging s. 31

Kommunen sine oppgåver:

Det vil i utgangspunktet vera vanskeleg og ikkje heller ønskeleg å flytte dei som i dag bur spreidd i kommunen bort frå dei etablerte bygdene og bustadene. Det er ein av godane ved å bu i Sveio, at ein kan få bu romsleg og landleg. Det skal i den samanheng **ikkje** leggjast vekt på ~~å halda igjen utviklinga i ikkje fjerna~~ grendene og dei som bur spreidd. I staden må innsatsen for å kunna følgja opp dei nasjonale og regionale føringane for areal- og transportplanlegginga vera å **samstundes** planleggja forat ~~framtidige~~ **attraktive** nye bustader i ~~alt større grad~~ vert lokalisert meir optimalt med tanke på fortetting, minska forureining og samordning."

Som framlagt av rådmannen med tillegg til pkt. nr. 1) framlagt av Mikal Møller Hovda mot éi røyst.

Mindretal: Håkon Johnsen Skimmeland (AP)

HTN - vedtak:

Tilråding til kommunestyret:

1. Sveio kommunestyre godkjenner kommunal planstrategi for perioden 2020-2023 med følgjande tillegg:

I KOM-sak 013/20 gjorde kommunestyret 17. febr. d.å. følgjande vedtak:

I Sveio har me eit ønske om vekst i heile kommunen. Det er difor viktig at planstrategien ikkje legg for detaljerte og strenge disponeringar som resulterer i unødvendige hinder for utvikling. Prioritering av planar i perioden vil bli



oppdatert.

Sidan det er ønske om vekst i heile kommunen, bør dette koma fram i dei strategiske vala for 2020 – 2023.

Forslag til nytt kulepunkt nr. 4 under strategiske val s 45:

- Det er ønskeleg om vekst i heile kommunen.

Forslag til endring på kulepunkt nr 10 under strategiske val s 45:

- ~~på ein god måte utnytte~~ **Aktivt utvikle** potensialet det er å **vera ein kystkommune.**

Under punkt miljø, klima og energi s. 29 foreslås endring:

Kommunen sine oppgåver:

Betre kollektivtilbod er viktig både av klimaomsyn, men òg for å betra mobiliteten for grupper

som ikkje disponerer bil, eller som eit alternativ for dei som ikkje vil bruka bilen.

Kommunen

driftar ikkje bussane sjølv og kan difor ikkje påverka kollektivfrekvensen. Kommunen kan

likevel påverka indirekte ved ein arealpolitikk som **mogleggjer** konsentrerer framtidig busetnad langs

hovudvegane og gjennom å utøva politisk press mot sentrale avgjerdstakarar.

Kommunen

kan i tillegg vera med å påverka andre aktørar, som hushald, næringsliv og industri til å finna

løysingar som fremjar kollektivsatsinga.

Under punkt Busetnad og utbygging s. 31

Kommunen sine oppgåver:

Det vil i utgangspunktet vera vanskeleg og ikkje heller ønskeleg å flytte dei som i dag bur

spreidd i kommunen bort frå dei etablerte bygdene og bustadene. Det er ein av godane ved

å bu i Sveio, at ein kan få bu romsleg og landleg. Det skal i den samanheng **ikkje** leggjast vekt på

å halda igjen utviklinga i ikkje-fjerne grendene og dei som bur spreidd. I staden må innsatsen for å kunna følgja opp dei nasjonale og regionale føringane for areal- og transportplanlegginga vera å **samstundes** planleggja for ~~at framtidige~~ **attraktive** nye bustader i ~~alt større grad~~ vert lokalisert meir optimalt med tanke på

fortetting, minska forureining og samordning.

2. Vedtaket trer i kraft først etter at planstrategien er gjort offentleg tilgjengeleg i 30 dagar. Vedtaket føresett at det ikkje har kome inn vesentlege merknader som gjer at dokumentet må endrast.



ELR - behandling:

Fleire tok ordet i saka.

Eldrerådet bad administrasjonen v/politisk sekretær å sjå på moglegheita til å laga ei oppsummering/samanfatning til eldrerådet av slike store saker.

Røysting: Samrøystes som tilrådd av rådmannen.

ELR - vedtak:

Eldrerådet si tilråding:

1. Sveio kommunestyre godkjenner kommunal planstrategi for perioden 2020-2023.
2. Vedtaket trer i kraft først etter at planstrategien er gjort offentlig tilgjengeleg i 30 dagar. Vedtaket føresett at det ikkje har kome inn vesentlege merknader som gjer at dokumentet må endrast.

Formannskapet - 090/20

FOR - behandling:

Fleire tok ordet i saka.

Framlegg til nytt vedtak frå Lars E. Hollund (H):

1. Rådmannen får i oppdrag å oppdatere kommunal planstrategi for Sveio 2020-2023 etter samme ordlyd som *samfunnsdelen til kommuneplanen*, slik at planstrategien framstår som harmonisert med samfunnsdelen.
2. Rådmannen får i oppdrag å ta omsyn til vedtaka gjort i hovudutvala ved ovannemnde oppdatering av kommunal planstrategi for Sveio 2020-2023.
3. Kommunestyret ber rådmannen framskunda og prioritera reguleringsplanar som er knytt til sikker skuleveg.
4. Kommunestyret godkjenner kommunal planstrategi for perioden 2020-2023.
5. Vedtaket trer i kraft først etter at planstrategien er gjort offentlig tilgjengeleg i 30 dagar. Vedtaket føresett at punkt 1-3 er innarbeidde og at det ikkje har kome inn vesentlege merknader som gjer at dokumentet må endrast.

Røysting:

Det blei først røysta over Hovudutval teknisk/næring si tilråding. Resultatet blei samrøystes mot.

Det blei deretter røysta over Hovudutval oppvekst/kultur si tilråding. Resultatet blei samrøystes mot.

Hovudutval helse/omsorg si tilråding blei deretter sett opp mot Hollund sitt framlegg.

Resultatet blei 4-3 i favør av førstnemnde. Mindretal: Lars E. Hollund (H), Jarle Jacobsen (KrF), Monica V. Valen (Sp).



FOR - vedtak:

Formannskapet si tilråding til kommunestyret:

1. Sveio kommunestyre godkjenner kommunal planstrategi for perioden 2020-2023.
2. Vedtaket trer i kraft først etter at planstrategien er gjort offentlig tilgjengelig i 30 dager. Vedtaket føresett at det ikkje har kome inn vesentlege merknader som gjer at dokumentet må endrast.

Kommunestyret - 067/20

KOM - behandling:

FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ LARS E. HOLLUND (H):

1. Rådmannen får i oppdrag å oppdatere kommunal planstrategi for Sveio 2020-2023 etter samme ordlyd som *samfunnsdelen til kommuneplanen*, slik at planstrategien framstår som harmonisert med samfunnsdelen.
1. Rådmannen får i oppdrag å ta omsyn til vedtaka gjort i hovudutvala ved ovannemnde oppdatering av kommunal planstrategi for Sveio 2020-2023.
1. Kommunestyret ber rådmannen framskunda og prioritera reguleringsplanar som er knytt til sikker skuleveg.
1. Kommunestyret godkjenner kommunal planstrategi for perioden 2020-2023.
1. Vedtaket trer i kraft først etter at planstrategien er gjort offentlig tilgjengelig i 30 dager. Vedtaket føresett at punkt 1-3 er innarbeidde og at det ikkje har kome inn vesentlege merknader som gjer at dokumentet må endrast.

RØYSTING

Det blei først røysta samla over pkt. 4 og 5 i Hollund (H) sitt framlegg, som svarer til formannskapet si tilråding: Resultatet blei samrøystes for.

Det blei deretter røysta samla over pkt. 1-3 i Hollund (H) sitt framlegg. Framlegget blei vedtatt med 14 mot 11 røyster.

KOM - vedtak:

1. Rådmannen får i oppdrag å oppdatere kommunal planstrategi for Sveio 2020-2023 etter samme ordlyd som *samfunnsdelen til kommuneplanen*, slik at planstrategien framstår som harmonisert med samfunnsdelen.
2. Rådmannen får i oppdrag å ta omsyn til vedtaka gjort i hovudutvala ved ovannemnde oppdatering av kommunal planstrategi for Sveio 2020-2023.
3. Kommunestyret ber rådmannen framskunda og prioritera reguleringsplanar som er knytt til sikker skuleveg.
4. Kommunestyret godkjenner kommunal planstrategi for perioden 2020-2023.
5. Vedtaket trer i kraft først etter at planstrategien er gjort offentlig tilgjengelig i 30 dager. Vedtaket føresett at punkt 1-3 er innarbeidde og at det ikkje har kome inn vesentlege merknader som gjer at dokumentet må endrast.



Sveio kommune